

Husmannsplassar på nordsida av Vike-elva i Syvde

I 1974 kom fyrste utgåva av „Bygdebok for Syvde sokn“ av Haakon M. Fiskaa. I omtalen av Vik-garden er det nemnt tre husmannsplassar som låg på nordsida av Vikeelva under ulike bruk i Vik på 1800- og 1900-talet. I dag er våningshus og andre bygningar på desse plassane borte, men Olaf K. Storegjerde tok eit bilde frå Osebergområdet av sentrum i Syvde med kyrkja og handelsstaden til Andreas Almklov på Bryggja i Syvde, og der kan vi sjå dei små bygningane på plassane i terrenget i lida ovanfor elva. Andre bygningar på det større bildet viser at det er teke ein gong mellom 1902 og 1907.



*Foto: Olaf K. Storegjerde
Repro utsnitt: JNo 2020*

Utskiftinga for gardsnummer 88 Vik starta i 1870, og bygningane i det felles klyngetunet ved sjøen vart seinare flytta ut til areala som vart tillagt dei enkelte gardsbruka.

Klyngetunet er altså borte på dette bildet, men husa til dei bruka som fekk jorda si

tildelt i omtrent same området som tidlegare, står igjen. Ved det kvite 1-talet ser vi Vikefjora med nausta til alle gardsbruka, og heilt til venstre ser vi driftsbygningen til Nedgarden (Niggaren). Bak til høgre for naustrekka ser vi våningshuset på Ulas-bruket, og nærast nausta ser vi våningshuset i Kristi-garden, som ligg litt nærare sjøen. Heilt i høgre bildekant ser vi kyrkja slik ho såg ut frå 1871 til 1907, og i sjøkanten er handelsmann Andreas Almklov i gang med å få sett opp Bryggjebuda på eigedom sin, med bustadhuset på øvre sida av vegen. Under 2-talet ser vi „Ormeteig-plassen“, som var lagt ut under Teigebruket i Vik. Under 3-talet ser vi Bjørkelid-bruket, som var utskilt som nytt fullverdig gardsbruk i 1891, 20 år etter utskiftinga, og under 4-talet ser vi det som i utskiftinga frå 1870-72 er nemnt som husmannsplassen „Øvstereit-brøten“ eller «Knud Paulsens Plads», som vi i min barndom kalla „Bjørkelid-plassen“. Denne plassen var lagt ut av teigar frå 5 av gardsbruka i Vik. Til høgre for 5-talet ligg „Lene-plassen“, som var lagt ut som plass med eitt jordstykke under Øvstegardsbruket, og denne plassen var den eldste av dei tre husmannsplassane. Til høgre for 6-talet ser vi Mjeltebakken, som vart frådelt Midgarden (Miggaren) som eit nytt sjølvstendig bruk ved utskiftinga, og i samband med utflyttinga av bygningane til dei enkelte nye bruka frå klyngetunet ved sjøen. Mjeltebakkbruket vart tilflytta på 1890-talet.

Dei tre husmannsplassane er altså **Ormeteigen, Øvstereit-brøten, og Leneplassen**. Alle desse plassane er no borte, men på Ormeteigen, midt inne i ei treklynge, står det i dag ei utløde, som vart sett opp etter at plassen var lagt ned og lagt tilbake til eigarbruket, og på Øvstereit-brøten kan vi framleis sjå spor etter hustuftene og steindungar som er restar etter bygningsmurane. På Leneplassen er alle spor borte.

1 ORMETEIGEN

Ormeteigplassen ligg på vestsida av Plasse-elva, ei sideelv til Vike-elva, som ofte berre vart kalla Storelva. Plassen vart ikkje utlagt som husmannsplass før etter at utskiftinga av innmarka i Vik var ferdig i 1872. Bildeutsnittet under til høgre er frå eit større bilde som truleg var teke rundt 1920, og viser Ormeteigplassen, som var lagt ut frå Teigebruket i

Vik. Bygselbrev for denne plassen vart utskrive 10. juni 1872 av min oldefar, Andreas Danielson Halle Vik, som eigde Teigebruket på denne tida, og brukar av plassen var **Ole Jonsson Strand** frå Jostrand i Dalsfjorden, som flytte til



*Foto: Olaf K. Storegjærde
Repro/utsnitt: JNo 2020*

Ormeteigen med kona **Oline Pedersdotter**. Der budde dei med fem born: Johanne, Peder, Kanutte, Oluffa og Josefine.

Johanne Karoline Olsd., f. 27. mars 1873.

Ho omkom ein uversdag 19. desember 1891, 18 år gammal, då båten velta under linedraging på Syvdefjorden. I kyrkjeboka står det at ho då var «tjenestepige» og at ho budde på Myklebust.

Peder Olsson, f. 1875.

Han gifte seg i 1905 med Marie Larsdotter Myklebust på Nilsbøen på Myklebust 89/29, der dei overtok garden og stifta familie. I folketeljninga år 1900 budde Peder på Ormeteig-plassen saman med foreldre og sysken, og er oppført som skomakar, eit handverk han også utøvde etter at han flytta til Myklebust.

Kanutte Olsd., f. 1877.

I folketeljninga i 1900 er det ført inn at ho var borte frå heimen teljingsdagen, og at sannsynleg opphaldsstad var Eikrem, og i folketeljingspapira finn vi henne der, oppført som midlertidig i Klasgarden, og om yrke står det: «Gaardsdrift og Husgjerning. Arbeider hjemme hos Foreldrene». Ho vart seinare gift med enkjemannen Olai Eikrem på Eikrem 82/5 i 1931, og dei fekk ikkje born.

Oluffa Olsd., f. 1880, gifte seg i 1905 med smeden Matias A. Lillebø. Dei budde fyrst på Eidså, og flytte i 1908 til Sulitjelma.

Josefine Olsd., f.1883.

Ho gifte seg i 1907 med Elias Andreasson Flø frå Ulasgarden 88/9 i Syvde. Far hans kom frå Flø i Ulstein, og Josefine og Elias flytte til ein gard på Flø i 1909, der dei busette seg.

Ormeteigplassen var i bruk til 1931. Då vart han lagt tilbake til Teigebruket, som då hadde fått ny eigar. Plassen var altså i bruk i nesten 60 år.

2. ØVSTEREIT-BRØTEN

På Vik innmark nord for Vike-elva (også kalla Storelva) vart det lagt ut ein husmannsplass i 1865 med teigar frå fleire bruk, og den største delen kom truleg frå Teigane. Jorda var delar av Øvstegards-, Teige-, Kristi-, Ånegards- og Ulas-bruka (som no har bruksnummer 1, 18, 15, 12 og 9). Den fyrste plassemannen her var nok **Knut Paulson Sandnes** frå bruksnummer 4 på Sandnes, som i 1858 hadde gift seg med **Pauline Paulsd. Vik** frå Kristigarden i Syvde, der familien budde ei tid. Pauline døde i 1865, så Knut Paulson var enkjemann med 5 barn då dei flytta frå Kristigarden, og yngste barnet – ei jente som truleg var kalla opp etter mora, var knappast årsgammal. Med seg hadde Knut då ei 40 år gammal «tjenestepige, styrer hans husholdning», og også «Lægdslem» **Paul Paulsson**, 74 år gammal, var med dei og flytta inn på plassen hos dei. Vi veit ikkje sikkert kvar han var frå. Ved folketeljinga 1865 er det også registrert at utsæd på plassen var 1 tønne havre og 1 tønne poteter, og dei hadde 2 kyr og 9 sauer. Ved folketeljinga i 1875 er det skrive at dei sādde 1 tønne havre og 1 ½ tønne poteter, medan buskapen då var 2 kyr og 4 sauer.

Som vi ofte ser på denne tida er mange slike plassesetlar og festeavtalar m.m. skrivne og tinglesne i etterkant, så det var ikkje uvanleg at folk hadde munnlege avtalar og tok i bruk plassar eller gardar før avtalane var formaliserte og tinglesne. Difor finn vi ikkje så sjeldan at folketeljingane viser at familiar bur på ein stad, som dei ikkje har formelle papir på.

På Flåvær i Herøy var det på denne tida ein velståande handelsmann, Gerhard Wiik, som også hadde kjøpt gardsbruk i Syvde som ei investering, og det var han som eigde Teigane i 1865, og var einaste utanbygds eigar av dei 5 partseigarane i plassen. Vi veit altså at Knut Paulson Sandnes budde på plassen ved folketeljinga 1865, men truleg var ikkje alle formalitetar ordna, så i 1866 reiste Knut Paulsen til Flåvær og fekk plassesetel frå Gerhard Wiik, underskriven av vitne frå Flåvær 12. juli 1866, og tinglyst 12. november 1866.

I same området som Øvstereit-brøten ligg, vart Bjørkelidbruket, gbnr 88/19, utskilt som eige bruk i 1891. Då var det snart 20 år sidan utskiftinga i Syvde var gjennomført, og dei ulike teigane som bruka hadde hatt spreidde rundt om i bygda, var omfordelte og samla på nye bruksnummer. Øvstegarden (bnr. 1 og 2) var tillagt dei områda som gikk inn i det arealet som Knut Paulsen hadde avtale på, og ein av sønene hans, Petter Knutsson fekk kjøpe eit noko større stykke av Øvstegardsjorda i 1891 som eit nytt gardsbruk, og gav det namnet Bjørkelund, som seinare vart endra til Bjørkelid. Ved

folketeljinga i 1900 er Petter Knutsson busett på det nye bruket, og far hans, Knut Paulsson Vik er oppført på den øvste plassen, som no er førd inn i folketeljingsdokumentet som ein «...plass under 88 - 12 og 19...», som altså er Ånegarden og Bjørkelida.



På dette utsnittet av kartet som var laga som førearbeid til utskiftinga i Vik i 1870, ser vi at denne plassen ligg øvst i den delen av Reite-stykkka som ligg aust for Plasse-elva. Ordet 'Brøten' lyder nokså framandt i dag, men ordet finn vi m.a. i stadfesting av merke for eigedoms-grenser også andre stader, f.eks i nemninga «LadeBrøten» i grensa mellom Vikgardane og Brudevoll. Mest sannsynleg er det rett og slett ei dansk/norsk form som betyr eit nybrot, ein rydda og opparbeid stad, der tre og større steinar er rydda bort. Bildet nedst på sida er frå 2020, og gråsteinsmurane til dei tre bygningane som stod på plassen, er samanrasa i heile området der utskiftingskartet - og storegjerdebildet - viser at bygningane stod. Naturen har teke sitt tilbake, men ein liten

detalj vitnar om det som ein gong var. I forgrunnen til venstre på bildet under ser vi ein flatare stein som står rett opp, og han er heilt fast forankra i grunnen ved sida av murrestane.



På detaljbildet nedanfor kan vi tydeleg sjå det innhogne sporet for oppheng av slipesteinsakslingen, plassert rett utfor ein av bygningane på plassen.



Dei vi veit budde på Øvstereit-Brøten er:

Knut Paulson Sandnes 103/4 f. 1830 – d. 1904,

Gift 1.g. 1858 m. **Pauline Paulsd. Vik** 88/15, f. 1827 – d. april 1865, 38 år gammal. I kyrkjeboka står det at ho døde av Halsesyge.

Gift 2. g. 1870 m. **Ingeborg Jensd. Nordal** 86/1, f. 1823 – d. Ingen barn i andre ekteskap.

Knut og Pauline sine born var:

Karolus Knutson, f. 1858 – d. 1884.

Paul Knutson f. 1860 - d.?

Petter Knutson f. 1863 – d. 1936, g. 1886 m. **Anna Johannesdotter Landsverk** 84/5.

Under folketeljinga i 1891 var Petter Knutsson ikkje til stades på heimeplassen sin, men vi finn han på Landsverk nr 84/5, der han var ført inn i huslista som Inderst, og har med seg kona Anna, og sonen Johan, som var fødd i 1886. Petter ser ut til å ha vore ein driftig kar, som forsynte familien som «Dagarbeider. Driver vinterfiske», og hadde som mål å skaffe seg eigen gard. Det kan vi slå fast, for i 1891 kjøpte han jorda vest for husmannsplassen der han vaks opp, og blei sjølvstendig gardbrukar på gards- og bruksnummer 88/19. Jorda er 1/6 av Øvstegardsbruka 1 og 2 i Vik. Ved skyldsettinga vart eigedomen kalla Bjørkelund, men seinare vart namnet endra til Bjørkelid.

Pauline Martha Knutsdotter f. februar 1865 – d. 1897. Ved folketeljinga i 1891 vart det fylt ut eit husskjema for kvar bustad, og i tillegg eit skjema for kvar enkelt person. I punkt 10 på Pauline sitt skjema er det skrivi: «Hjemneværende datter. Hjelper Forældrene, hører og taler vandskelig, forstaar lidet.» Kva dette eigentleg betyr er ikkje godt å vite. På punkt 12 i skjemaet skal det merkast av om vedkomande er «Sindssvag, Døvstum eller Blind...», men der er ikkje merka av noko særskilt. Kanskje er dette ei jente som har hatt sterkt redusert hørsel heile sitt liv, og av den grunn aldri lærde å snakke skikkeleg og kommunisere med andre, og aldri fekk hjelp med problema sine? Det får vi nok aldri vite. Seks år seinare, i 1897, døde Pauline, 32 år gammal.

Første og siste plassemann og brukar på plassen Øvstereit-brøten var Knut Paulson, og det arealet av plassen som ikkje hadde følgt med i kjøpet av Bjørkelidbruket som Petter Knutson fekk, gjekk tilbake til Ånegarden.

Ormeteigplassen var i bruk i nesten 60 år, og Øvstereit-brøten i vel 40 år, men Leneplassen var den eldste av dei tre plassebruka, teken opp som husmannsplass i 1822 og i bruk i om lag 85 år. Kartutsnittet på side 4 er frå grunnlagskartet som var laga før gardsutskiftinga i 1870, og viser husa på Øvstereit-brøten og Leneplassen aust for Plasse-elva, ei sideelv til Vike-elva, som vi ser ein flik av i nedre venstre hjørne.

3. LENE-PLASSEN

Hovedarealet til den tredje husmannsplassen, Leneplassen, ser vi på bildet under, fotografert i 2020. Fotografen står omtrent ved foten på Mjeltebakken på vegen mot Reitane og Espeholen i Syvde. Husa på denne plassen låg kanskje om lag der teksten på bildet står, men det finst ingen restar igjen etter bygningane på Lene-plassen.



Men husa er innteikna på kartet frå 1870, som er eit av grunnlagsdokumenta frå utskiftingsarbeidet frå 1870 – 1872. Frå utskiftingsprotokollen veit vi også at enkelte detaljar blei drøfta og fordelinga av teigane justerte undervegs, slik at teigfordelinga stundom kunne bli *litt* annleis enn det kartet viser, men plasseringa av elvar, hus m.m. nok ligg fast .

Haakon Fiskaa har nok blanda dei to plassane i området (Øvstereit-brøten og Leneplassen). Fiskaa skreiv at Leneplassen (som han kallar Lineplassen) skal vere teken frå bruksnummer 1 i 1853, då brukaren Ole Knutson Vik døde, slik at enkja, Lene Knutsdotter, skulle ha ein parsell for seg sjølv, og han har ført opp Lene som brukar på plassen frå 1853 til 1866. Så langt har eg ikkje funne offisielle dokument som kan stadfeste dette.

Lene Knutsdotter Lillebø, kom frå Steffagarden på Lillebø i Dalsfjorden i Volda kommune, og vart gardakone på Øvstegarden i 1833, og i kyrkjebøkene i Volda og Syvde er førenamnet hennar skrive som Lene då ho vart døypt, ved konfirmasjonen, då ho gifte seg – både fyrste og andre gongen, og då ho døde i 1899, så det er ikkje tvil om at førenamnet hennar var Lene. Eg har difor halde meg til den skrivemåten, som eg også meiner at bestefaren min brukte. Han var 14 år då Lene døde. og Lene sin soneson, Knut Petter Andreas Knutson, som emigrerte til USA i 1890-åra, har i Amerika i eit slektshefte skrive om bestefaren Ole, som var mykje plaga med magesår. Lene sin mann hadde altså helseplager på 1840-talet, og i 1850 selde han garden til bror sin, Jacob Vik Ryste, som var gift i Ørsta. Jacob hadde truleg ikkje planar om å bruke heimegarden sjølv, og i kjøpekontrakta var det teke inn at Ole sine born skulle ha rett til å kjøpe tilbake bruket for ein tilsvarande pris som Jacob betalte til broren ved kjøpet. Ole døde så i 1853, og i 1854 fekk enkja Lene kårbrev frå Jacob Ryste med rimelege vilkår. Samtidig bestemte odelsgutten Knut Severin Olson seg for å kjøpe tilbake garden, som han fekk skøyte på sommaren 1855. Det er difor lite truleg at Lene flytte frå husa på Øvstegarden før ho i 1856 gifte seg med Amund Sivertson Brudevoll, og dei busette seg på Brudevoll bnr. 3, så Lene har neppe budd på Leneplassen, der det alt budde plassefolk med livstidsfeste.

Namnet på Leneplassen har vore skrive på fleire måtar i sogebøker m.m.. Eg meiner at bestefar min, Knut O. Øvregård, alltid sa LENE-plassen, men namnet Line-plassen er brukt i Bygdebok for Syvde sokn som kom ut i 1974, og der er også personnamnet skrive som Line i personopplysningane, og ikkje Lene. I det andre opplaget av boka, som kom i 1984, har ein forandra namnet på plassen til Leina-plassen, utan at det er sagt noko om kvifor endringane er gjort, men personnamnet er i den utgava av bygdeboka retta til Lene Knutsdotter. Vi har vel stort sett gått ut frå at plassen har fått namn etter gardakona Lene, men dokumenta vi har hatt tilgang til, tyder eigentleg på at ho sjølv ikkje busette seg på plassen som vi har trudd fekk namn etter henne. I ei fyrsteutgave av Haakon Fiskaa si «Bygdebok for Syvde sokn», har Magnus Vik notert at Ole Knutson vart kalla Leina-Ola fordi han kom frå Leina-bruket på Nøre Sande, og at plassen difor vart kalla Leinaplassen. I utskiftingsprotokollen for Vik-garden frå 1870-talet, har skrivarane kalla dei to plassane nordaust for Plasse-elva samnemnt som «Leneplassene», som etter den tids skriftspråk gjerne kan vere ei forenkling av dialektforma «Leine-plassane», som også *kan* ha noko med ordet 'leine' – ei skråning eller halling – å gjere

Den første vi veit hadde tinglyst avtale på det vi har kalla Lene-plassen, er altså Ole Knutson Nøre-Sande, som fekk plassesetel frå eigaren av bnr 134 (Øvstegarden) i Vik i 1822, og han busette seg på plassen med kona, og stifta familie der. Ole Knutson var fødd på garden som i dag heiter Nordre Sande på Sandsøya i 1798. Far hans, Knut Hansson, var plassemann på bruksnummer 5 Bautane på Nøre-Sande på starten av 1800-talet, og i 1803 vart Knut plassemann på bruksnummer 9, som vart kalla Leina. Når Ole Knutson flytta til Syvde veit vi ikkje sikkert, men i 1822 vart han gift i Syvde kyrkje med Berte Rasmusdotter Nordal frå Tore-Støylen (86.7), og dei busette seg på denne plassen i Vik.

Ved folketeljinga i 1865 budde dei framleis på Leneplassen. I 1866 viser panteregisteret at det var skrive ut ny plassesetel til Lars Anderson Myklebust for same plassen som Ole

Knutson Nøre-Sande hadde hatt. Lars Anderson var svigersonen til Ole Knutson Nøre-Sande, så etter panteboka har same familien altså hatt plassesetel frå 1822 til ut på 1900-talet på denne plassen. Den nedste «Plads» på utskiftingskartet er altså Leneplassen - eller Leinaplassen. Dei siste som budde på denne plassen flytte til Haukeland nr. 2 i Syvde før 1910.

Brukarane har altså vore **Ole Knutson Nøre-Sande**, f. 1798, d. 1875, som fekk plassesetel frå Knut Olson Vik i august 1822. Ole var gift med **Birte Rasmusdotter**, f. 1799, d. 1860.

Dei fekk seks born:

Ole Olsson, f. 1825

Ingeborg Olsdotter, f. 1826

Rasmine Olsdotter, f. 1829, d. 1900.

Marte Olsdotter, f. 1832

Jakob Olsson, f. 1836

Berte Olsdotter, f. 1839.

Rasmine Olsdotter gifte seg i 1866 med **Lars Andersson** frå Nilsbøen på Myklebust (89/29), f. 1834, og dei fekk plassesetel frå eigaren av Øvstegarden i juni 1866. Dei fekk to born:

Anna Bertine Larsdotter, f. 1867.

Pauline Larsdotter, f. 1872, Ho døde 3 år gammal.

Anna Bertine Larsdotter, f. 1867, gifte seg i 1899 med **Jacob Elias Klausson Vorren**, f. 1855 i Sande, som i kyrkjeboka i Syvde ved ekteskapsinngåinga er førd inn som arbeider, Vik. Dei busette seg på Lene-plassen som far hennar brukte, der dei er innførde ved folketeljinga i 1900, og dei fekk fem born der:

Karen Petrine Rebekka Jacobsdotter, f. 16/3 1899. Gift Haraldson i USA.

Ragna Ane Marta Jacobsdotter, f.16/9 1900, g. 1926 med Ola Gerhardsson Kvalsund.

Emma Kristine Jacobsdotter, f. 1903, g. 1936 i Herøy.

Lauritz Joakim Karnel Jacobsson, f. 1905. Han overtok bruket på Haukeland i 1936.

Klaus Olai Jacobsson, f. 1908, g. 1930, og busette seg i Gursken.

I 1908 fekk Jacob skøyte på Haukeland, gbnr.74/2 i Syvde, og familien flytte dit saman med far til Anna, «føderaadsmand» Lars Andersson. Der finn vi dei ved folketeljinga i 1910, og denne familien var altså den siste som budde på Lene-plassen i Vik, som var folkesett i 86 år før han vart avfolka og fall tilbake til hovedbruket Øvstegarden.

Denne artikkelen var fyrst skriven og publisert i tidsskriftet Fotefar i 2021, men eg har sidan fått tilgang på nokre fleire kjelder, så artikkelen er no revidert i juli 2024.

Takk til Storegjerdesamlinga, som har gitt løyve til å bruke utsnitt frå Storegjerde-bilde!

Jostein Nordvik